

Sjøsalt ettermiddag



STEMNING: Åsmund Nesse med band fekk opp stemninga på Osvald Pub laurdag ettermiddag. (Foto: Anders Totland)

KONSERT

På scenen: Åsmund Nesse med band

Stad: Osvald

Arrangør: Olsen & Jensens Viseklubb

Tid: Laurdag ettermiddag

Publikum: Nærmare 50

+ Ein treng ikkje vera oppvaksen i havgapet for å bli nostalgisk av musikken til Åsmund Nesse. Men det er neppe noko ulempe.

28.04.2018 kl 19:46 (Oppdatert 28.04.2018 kl 19:51)



Anders Totland

Tlf: 982 42 002

Sjå føre deg ei nylakka tresnekke, høyr den taktfaste dunkinga frå dieselmotoren og len deg godt tilbake i sommarsola.

Om lag sånn kjennest det når sjangersjonglør og bømbling Åsmund Nesse drar fram gitaren til dei aller rolegaste visene sine.

Sjangersprang

Då eg fekk gleda av å sjå han på scenen i Leirvik laurdag ettermiddag, var det nok nærmare 20 år sidan første gong eg såg Åsmund Nesse opptre, som den mest energiske bassisten eg nokon gong hadde sett, på Ten Sing-konsert med tennene som plekter.

Sidan den gong har han prøvd seg på fleire område, og var ei tid mest aktiv som frontfigur i reggae-bandet Nese Rastafari. Dei siste åra har globetrotteren og pasifisten, som ifølgje eigne utsegn har reist verda rundt på flukt frå militæret,

tilsynelatande funne vegen heim igjen, både sånn på kartet og i musikkstilen.

Salte viser

No er det nemleg salte viser som gjeld, anten det er med fullt trykk og driv i bandet, eller det er dei vare visene som stort sett handlar om vêret, sjøen og årstidene.

Og sjølv om det ikkje er naudsynt å vera oppvaksen i havgapet for å bli nostalgisk av musikken til Nesse, er det neppe noko ulempe.

I løpet av den dryge timen konserten varte, fekk publikum høyra det beste frå begge soloplatene til Nesse; «Lysning» (2015) og «Viser frå Vesterland» (2017).

Røvarhistorier

Innimellom musikken tok Nesse seg òg tid til å fortelja små anekdotar, eller røvarhistorier som han sjølv kalla det, frå sitt eige liv. Det handlar om reiser rundt i verda, folk han har møtt, og ikkje minst naboane og familien på Nese.

Og innimellom songane og historiene samanfatta i grunn Nesse heile konserten ganske godt sjølv. Som han sa:

– Dette her var skikkeleg koseleg!
anders@sunnhordland.no